

- * Vi stadfestar at leiinga erkjenner sitt ansvar for utforminga, iverksetjinga og vedlikehaldet av intern kontroll for å forhindre og avdekke misleg handling.
- * Vi stadfestar at alle transaksjonar er registrert i rekneskapspostar og reflektert i rekneskapen.
- * Vi stadfestar at rekneskapen og eventuell «øvrig informasjon» gjeve revisor før datoen for revisjonsmeldinga er i samsvar med kvarandre, og at øvrig informasjon ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Vi har gjeve revisor:

- * tilgang til all informasjon som vi er kjende med, og som er relevant for utarbeidinga av rekneskapen, som til dømes rekneskapsregistreringar, dokumentasjon og andre forhold,
 - * ytterlegare informasjon som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål, og
 - * uavgrensa tilgang til personar i Sogndal Idrettslag som det etter revisors vurdering er naudsynt å innhente revisjonsbevis frå.
- * Vi har gjeve revisor opplysning om resultatene av våre vurderingar av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg handling.
 - * Vi har gjeve revisor alle opplysningar om eventuelle mislege handlingar eller mistankar om misleg handling som vi er kjend med og som kan ha påverka Sogndal Idrettslag, og som involverer:
 - * leiinga,
 - * tilsette som har ein tydingsfull rolle i forhold til intern kontroll, eller
 - * andre der misleg handling kunne hatt ein vesentleg verknad på rekneskapen
 - * Vi har gjeve revisor opplysning om at alle eventuelle påstandar eller mistankar om misleg handling som kan ha verknad på Sogndal Idrettslag' sitt rekneskap og som er kommunisert av tilsette, tidlegare tilsette, analytikarar, tilsynsmyndigheiter eller andre.
 - * Vi har gjeve revisor informasjon om alle kjende tilfelle av manglande overhalding eller mistanke om manglande overhalding av lover og forskrifter, og som kan ha vesentleg verknad på rekneskapen.
 - * Vi har gjeve revisor opplysningar om identiteten til Sogndal Idrettslag' nærstående partar og alle forhold til nærstående partar og transaksjonar med desse som vi er kjend med.
 - * Vi har gjeve revisor informasjon om alle dokumenter som leiinga forventar å utstede som kan innehalde «øvrig informasjon», og har gjeve revisor alle dokument som inneheld «øvrig informasjon» og som føreligg før dato for revisjonsmeldinga.
 - * Med omsyn til «øvrig informasjon» som ikkje er gjeve til revisor før datoen for revisjonsmeldinga, har vi gjeve revisor opplysningar om vi har til hensikt å utarbeide og utskrive slik «øvrig informasjon» og det forventa tidspunktet for denne utskrivinga. Vi bekreftar at dokumenter som inneheld «øvrig informasjon» og som ikkje er tilgjengeleg for revisor før dato for revisjonsmeldinga vil bli gjort tilgjengeleg for revisor før utskriving av informasjonen.
 - * Vi har gitt revisor informasjon om eventuelle brot på datasikkerheita (cyber-security) som leiinga er blitt oppmerksom på, og som har potensial for å leggje, endre eller slette data eller transaksjonar knytt til årsrekneskapen.

Fortsatt drift

- * Vi bekreftar at vi ikkje er kjend med nokon hendingar eller forhold som indikerer usikkerheit ved føresetnaden om fortsatt drift.
- * At vi i vår vurdering av forutsetningen om fortsatt drift har teke hensyn til dei faktiske og forventa verknadane av Covid-19.

Hendingar etter balansedagen

- * Vi har gjeve revisor informasjon om hendelsar etter balansedagen, herunder kva effektar Covid-19 har hatt på verksemda til selskapet, dei forventa effektane og tiltak som følgje av Covid-19.

Sogndal 20/3



Styreleiar

Uttale frå leiinga

Deloitte AS
Att.: Rune Norstrand Olsen
Gravensteinsgata 19
6856 Sogndal

Dato:

Dette brevet sendast i samband med revisjon av rekneskapen for Sogndal Idrettslag for året som vart avslutta 31. desember 2021, med det føremål å kunne konkludere om rekneskapen i det alt vesentlege gjev eit rettvisande bilete i samsvar med Rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Vi stadfestar etter beste evne og overtyding, og etter å ha føreteke dei førespurnader vi har sett som naudsynte for å innhente dei naudsynte opplysningar at:

Rekneskap

- * Vi har oppfylt vårt ansvar som fastsett i vilkåra for revisjonsoppdraget datert 20.12.2021, med omsyn til utarbeidinga av rekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og bekreftar at rekneskapen gjev eit rettvisande bilete i samsvar med Rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.
- * Metode, dei viktigaste føresetnadane og data som er brukt av oss ved utarbeiding av rekneskapsestimat og tilhøyrande noteopplysningar, er fullstendige og hensiktsmessige for å oppfylle innreknings-, målings- og notekrava i Rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og at all relevant informasjon tilgjengeleg på dato for styrebehandling knytt til verkeleg verdi vurdering og vesentlege estimat er tekne omsyn til, herunder:
 - * Sentrale føresetnader vedtekne av styret
 - * Relevante tilleggsopplysningar i rekneskapen
 - * At det ikkje er hendingar etter balansedagen som vil krevje justeringar i rekneskapsestimata eller noteinformasjonen
 - * At føresetnadane reflekterer leiinga sin intensjon og evne til å gjennomføre eventuelle planlagte handlingar som er relevante for rekneskapsestimat og noteinformasjon.
 - * At konsekvensar av Covid-19 er vurdert og tekne omsyn til der dette kan ha betydning.
- * Vi stadfestar at det er teke tilstrekkeleg omsyn til og opplyst om forhold til nærstående partar og transaksjonar med desse i samsvar med krava i Rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.
- * Vi stadfestar at hendingar og transaksjonar som leiinga er blitt merksame på og som har funne stad fram til dato for styrebehandling og som etter Rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg medfører korrigering eller omtale, er korrigert eller omtala.
- * Vi stadfestar at rekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon eller manglar. Verknaden av ikkje-korrigert feilinformasjon er uvesentleg, både enkeltvis og samla for rekneskapen sett som heilheit. Ei oppsummering av ikkje-korrigert feilinformasjon følgjer som vedlegg.
- * Vi stadfestar at vi har påsett at selskapet sitt rekneskap og formuesforvalting av betydning for rekneskapen er gjenstand for tryggjande kontroll, derunder slik intern kontroll som vi finn naudsynt for å mogleggjere utarbeidinga av rekneskapen som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg handling eller feil.
- * Vi erkjenner vårt ansvar for og stadfestar at vi har oppfylt vår plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av eininga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og forskrifter.
- * Vi stadfestar at selskapet si kontrolloppstilling over registrerte og innberetta beløp er utarbeida og rapportert i samsvar med lov og forskrift, derunder også krav til rettidig innsending av rapporteringa. Vi bekreftar at informasjonen som er gjeve er fullstendig, at opplysningane er gjeve etter beste kunnskap og skjønn, og at opplysningane som er gjeve er korrekte.
- * Vi stadfestar at alle kjende faktiske eller moglege rettstvistar og krav som kan ha ei slik tyding at dei må takast omsyn til ved utarbeidinga av rekneskapen, er gjort kjend for revisor og er gjort greie for og gjeve tilleggsopplysningar om i samsvar med Rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.